



Lindås VVS N.T
Pb 42
5951 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/139 - 15/3147

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
10.02.2015

Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon gbnr 89/13 Haugsmyra - minirensanlegg

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.01.2015.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- I søknadsskjemaet for utslepp har De opplyst at tiltaket er i samsvar med endelege planar etter plan- og bygningslova. I kommuneplanens arealdel er arealet avsett til LNF (landbruks, natur – og friluftsområde), og det er i føresegnene slått fast at «andre tiltak etter pbl § 1-6 første ledd enn fasadeendringar kan ikkje setjast i verk nærare vassdrag enn 50 meter frå strandlina.» Vassdrag er vatn, elvar og bekkar som har årsikker vassføring, jf. «ordforklaringar» til planen. Tiltaket er soleis ikkje i samsvarsvar med arealplan (LNF) og tilhøyrande føresegner for området
- Det er ikkje søkt om dispensasjon etter plan- og bygningslova, og naboar er ikkje varsla om at tiltaket krev dispensasjon frå kommuneplanen

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 17.03.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:
Bergensadvokatene AS

Mottakrar:
Lindås VVS N.T

Pb 42

5951

LINDÅS